



Jarle Rønnestad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2179 - 15/16319

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

02.09.2015

Tilbakemelding på planspørsmål

Meland kommune har motteke dykkar e-post av 6.8.15 der de har ein del spørsmål til oss.

Eigedom 54/1 er omfatta av ny kommuneplan, der eigedommen er del av areal sett av til framtidig fritidsformål, F_4. Dette formålet er ei utviding av eksisterande fritidsområde.

Det er jf. føresegnene til kommuneplanen pkt. 1.2.1, krav til å utarbeide reguleringsplan for areal sett av til framtidig bygg og anlegg.

Fritidsformål F_4 har eit samla areal på 117 da, men det er ikkje i kommuneplanen lagt føringar for kor mange hytter det skal planleggjast på dette arealet. Ei framtidig detaljregulering skal vise plassering av bygningar og anlegg, og talet på hytter lyt såleis vurderast i ein framtidig reguleringsplanprosess.

Det er i kommuneplanen ikkje lagt ut noko areal til naustformål eller formål for småbåthamn i tilknytning til F_4, og eventuelle spørsmål kring naust og flytebrygge lyt avklarast i ein framtidig reguleringsplanprosess.

Når det gjeld spørsmåla dykkar kring hengebrua ut til eigedom 54/23, så vil me undersøkje saka og kome attende til dykk med ei tilbakemelding ang. dette.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen

Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:
Tore Johan Erstad

Mottakere:

Jarle Rønnestad